

Sokkeldirektoratet

**HØYRINGSSVAR FRÅ PELAGISK FORENING
FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM DATAINNSAMLING OG
DOKUMENTASJON I MINERALVEKRSEMD PÅ
KONTINENTALSOKKELEN**

Pelagisk Forening viser til høringsbrev av 5.2.25.

I høringsnotatet til § 5 står det at «Formålet med innmeldingen er å legge til rette for god sameksistens med andre næringer ved å informere aktuelle myndighetsorganer om planlagt aktivitet og status på gjennomføringen av undersøkelsen. Andre brukere av havet vil gjennom systemet få informasjon om undersøkelsen som skal finne sted. Dette gir mulighet til å ivareta blant annet fiskeri-, sjøfarts- og forsvarsinteresser. Konfliktpotensialet med fiskerivirksomhet er antatt å være mindre for mineralvirksomheten enn for petroleumsvirksomhet.

Områdene som er aktuelle for undersøkelse og utvinning av havbunnsmineraler omfatter lite fiskerivirksomhet selv om det i visse områder vil kunne forekomme noe fiske.»

Fiskerinæringa opplever ikkje regelverket i petroleumsforskrifta § 6 som godt nok. M.a. er det eit problem at det er tilstrekkeleg å melda frå om seismikkskyting, og ikkje ein søknadsplikt.

Per i dag er det truleg korrekt at det er liten fiskeriverksemd i dei aktuelle områda, men dette kan endra seg. Dette ved at andre område blir aktuelle for utvinning, og ikkje minst fordi fisk endrar vandringsmønster.

Pelagisk Forening vil peika på at kvart år er det arealkonfliktar mellom seismikkfartøy og fiskefartøy. Det er ofte dei same konfliktane som går att. Typisk seismikkskyting på kjente sildefelt i fiskesesongen. Fiskeri som seismikkselskapa bør vera godt kjent med, men likevel ofte legg seismikkskyting til same tid år etter år.

Konfliktane er til ulempe for begge næringane, og det er ein føremon om konfliktar kan unngåast. Mange av konfliktane kunne vore unngått dersom næringane, alt på planleggingsstadiet, tok betre omsyn til kvarandre. Ein god måte, både for mineralnæringa og fiskerinæringa, er om regelverket blir

utforma best mogeleg med tanke på sameksistens. Dette kan enkelt skje dersom mineralnæringa si aktivitet blir søknadspiktig, og ikkje berre meldepliktig.

Pelagisk Forening meiner at det bør vurderast at det blir innført krav om godkjent søknad før undersøkingar kan gjerast. Dette for å unngå mest mogeleg konfliktar mellom ulike næringsinteresser.

Høyringsnotatet §§ 10 og 11 omfattar regulering av tilhøve vedrørande fiskerikyndig person. Høyringsnotatet viser òg til havbotnmineralforskrifta § 5.

Pelagisk Forening gjer merksam på at per i dag er det krav om fiskerikunnige på seismikkskip. Det er få fiskerikunnige som har gjennomført Fiskeridirektoratet sitt kurs, og dei siste åra har fleire av direktoratet sine årlege kurs blitt avlyst pga. for få påmeldte. Med mindre myndigheitene gjer tiltak for å auka talet på godkjente fiskerikunnige vil det kunne bli vanskeleg, i praksis, å oppfylla forslaget om krav om fiskerikunnige om bord.

Pelagisk Forening har ikkje ytterlegare merknadar.

Bergen:

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleig leiar